

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28.

Fylke:

Telemark

Tilleggsspørsmål nr.

Herad:

Kviteseid

Emne:

Drikk til maten til
kvar dag.

Bygdelag:

Oppskr. av:

Jørgen Steggvær

Gard:

(adresse):

Kvås

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Etter gamle folk
og eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Mjolk.

Bruk av nysila og skuma mjolk
har fyrst teke til til på ett hundre års-
skiftet. Før var det ikkje tale om ana-
en bruk av sur oppgjengi mjolk eller
sjørmjolk. Dei brukar no for tid myki
mjolk søt for borni, derimot er no kaffen
myki bruk for vaksne. Den er no un-
varleg nesten so å seia for litt eldre folk.

2. Mjolk nytta dei mest innat grant,
men dei ha sur mjolk til førstedrikk
sumars tider.

3. Mjolki før var bruka som neopt
melkerre sur. Dei ha store mjolkekjer
standande som dei samla sur mjolk
i. Det tok dei til med ut på vår-
parten so var den standande til
ut i slatten og ettersumarn. Dei
ha då kjørni sendt til fjøls, so dei
ikkje ha mjolk heime.

Dei tok og rørde opp mjolki til
kvar gong i kjere då det laga seg
bleng oppå. Den var ellers for
tykk vis den var rendt av.

Når kjere stod ei stund for det var robet i kunde det leggja seg ei tykk hime yver. Det kalla dei for "fare". Den tok dei av.

Vis det lagar seg ei hime på mjølk som vert koka og stend ei stund kallar dei den for "snerk".

4. Dei bruka "sauyr" dei kallar det er mjøki som kjem fram når dei kjinnar smør. Tjormjolk er mjolk som ikkje hev gjenge yver so den er blive sur. Andre tok prim som var karva og koka sunn i vatn, det kalla dei "kabrette" og var bruka innat grauten.

Tjormjolk og sauyr vert bruka no til dags au, mindre sur mjolk.

Øl.

4. Etter 1900 hundre gjikk det meir ut med øl til kvardag. Dei ha det no ikkje støtt for i tid heller, men var oftare brukt då. Dei tok ein del bonnare øl når dei brygga til slutt. Det kalla dei "bonnøl" og det ha dei til onnetider om samaren. Lume bruka sterkt øl og gjemde til då, men det tok i "hovudet" som dei sa, slike at dei var ikkje stort tess i slakteveigen vis dei drakk for myki.

Kaffe.

5-6.

Kaffen hev vore bruka atende heilt til i 1700 talet her i bygdi.

Men nokor stor fart var det ikkje i kaffedrikkingi for ut i 1800 talet. Den gjeng då som fast drikk inn i det til det daglege kosthalde.

7.

Kaffe vert no bruka både 3 og fire vendor om dagen. Kjinn det fremande millom matmåli so skall dei og strakteras med kaffe.

Tanlegvis vert den bruka morgon, middag og til øykt.

8.

Kaffen vert malen på kaffekvinner, før bruka dei mørker og kafferulle. Morteren var laga som eit stort stauyr, og ein rund pinne var sett uppi. Den gnikkja dei rundt til kaffen var malen. Kafferulla var som ei kype med ein lut på, her ha dei ei avsaga plate av ein rund kubbe som var bora eit hol der ein tresein var sett gjennom. Kaffen var malen ikkje for grov og ikkje for fin. Dei ha den berre til å roke upp, kaffen var aldri god når den stod heira på oven. Best var kaffen når den stod og trekte seg, dei kalla den "trekkaffe". Før bruka dei å ha kaffeskiv, det var helst turka fiskeskin. No bruka dei kaffesil. I spå i gruden var bruka men av dei fleste berre for mors skuld. Rulla og kaffemorteren var laga solide.



8-9-10-11.

4.

Te hev mest alltid vore bruka av heimlaga blad og blomar. Dei bruka den same medisin mot sjukdomar.

Te av "ikonrova" var bruka for nyre sjukdom. Dei bruka "Kyllenkreblomar" som te fyr gjift og s. b. "Nosla" bringebærblad, og mange andre er bruka. Dei slår kokande vatn på den stend og trekker seg.

Dei kaupde no te i butin og brukar den for meste til fravand og visse anledningar, ikkje til kvardag.

Sukker hev dei både i te og kaffi, men some vil helst ingen ting på i. Like einv brukar dei både sur og stø'söt flöte. Sukker gjorde dei heime "kok-sukker" som var i plator. Dei ha sukkerklyper hell soksis som dei klypte sund stykke med. Seinare kom kandis og farin til.

12. Brennevin.

Brennevin til kvardag er no ikkje bruka, for ha dei standande litt til medisinisk bruk.

13. Nyare drykk.

I seinare tid hev dei kjøpt sit kaupre-öl helst til lag. Dei kaffer no ein del vörter og brus i varmen om somaren.

6534